



HOLBERG
P R I S E N

i s k o l e n

Etisk komité/ fagfellevurdering

Undervisningsopplegg for Holbergprisen i skolen.

Målet med dette opplegget er å øve på å gi elevane øving i å gi og få tilbakemelding på forskingsprosjekt/prosjektplanar. Det kan vere med på å utvikle kritisk refleksjon rundt etiske og metodiske sider ved forskning, samtidig som elevane blir utfordra til å grunngi vala dei har tatt i forskingsprosjekta sine. Metoden kan brukast på ulike tidspunkt i forskingsprosessen, men er mest fruktbar på eit stadium der elevane har kome i gang med eige forskingsprosjekt og levert inn ein prosjektplan.

Av: Hildegunn Stokke Rasmussen



Illustrasjon: Sissel Ringstad, Farsøtt

Rammer for opplegget

Dette opplegget blei gjennomført som ein del av eit større forskingsarbeid for VG2 studiespesialisering i faget sosiologi og sosialantropologi. Den aktuelle gruppa var lita (9 elevar fordelt på 4 forskingsprosjekt), og vi brukte ein full dobbelttime (90 min). I større grupper kan ein vurdere å dele opp, slik at det ikkje blir for mange elevar pr. økt. Dei resterande elevane kan vere med som tilskodarar, eller drive med eige arbeid i denne perioden. Det er uansett eit viktig poeng at faglærar (og evt. forskarkontakt) er til stades under heile økta, ettersom dei kan vere med å utfordre elevane og sørge for trygge rammer i diskusjonane.

Førebuing

I forkant av den etiske komitéen hadde elevane danna grupper, valt emne og problemstilling, og fått undervising om mellom anna metode, problemstilling og etiske retningslinjer for forskning. Dei hadde også fylt ut og levert inn ei prosjektskisse og eit førsteutkast til metode (sjå vedlegg).

I forkant av økta trykte eg opp korte skildringar av kvart prosjekt (problemstilling, metodeval, spørsmål dersom desse var klare) frå alle gruppene slik at kvar elev fekk eit hefte. Vi valde også å sette pultane i klasserommet i sirkel slik at alle elevane skulle sjå kvarande og dermed legge til rette for god kommunikasjon.

Tidsrammer

To til fire undervisingstimar til etisk komité (avhengig av storleik på gruppa), elevar må ha levert inn prosjektplan i forkant. Vi gjennomførte etisk komité mot slutten av den tredje veka elevane jobba med forskingsprosjekta sine, og like før oppstart av datainnsamling.

Gjennomføring

- **Kort introduksjon ved lærar:** Kjørereglar og plan for gjennomføring. Eit viktig suksesskriterium med eit opplegg som dette, er at elevane føler seg trygge og at dei tør å dele sine innspel med kvarandre. Dette vil sjølvsagt variere mykje frå elevgruppe til elevgruppe, men det kan løne seg å minne om nokre enkle køyrereglar i forkant. Dette kan vere ting som å legge vekk distraksjonar som PC og eige arbeid, vere medviten om eige kroppsspråk og minne om at det å formidle til medelevar, kan vere ein litt sårbar situasjon. I tillegg bør ein avtale korleis ein skal gjennomføre tilbakemeldinga i etterkant av elevpresentasjonane. I nokre grupper er elevane trygge nok til å ta ordet når det er behov for det, i andre må ein styre dette i større grad.
- **Ein elev/ei gruppe presenterer prosjektet sitt.** Her kan elevane ta utgangspunkt i det som står i det utdelte heftet, og forklare vala som er tatt. Elevane kan gjerne kome med eigne ønske for tilbakemeldinga. Er det noko dei er spesielt usikre på, eller som dei til dømes har diskutert heftig på gruppa?
- **Runde med tilbakemelding etter kvar presentasjon.** Dette kan organiserast på ulike måtar, enten kan elevane ta ordet når dei ønsker det, ein kan peike ut nokre elevar som har hovudansvar for respons, eller ein kan ta ein runde rundt bordet. Lærar og eventuelt forskarkontakt tar ordet til slutt og påpeikar evt. moment som ikkje har blitt nemnde.
- **Oppsummering til slutt** der lærar og/eller forskarkontakt går gjennom viktige poeng som gjeld fleire elevar og gir råd inn mot datainnsamlinga.

Dersom ein ønsker det, kan det vere fint å gi elevane ei refleksjonsoppgåve i etterkant av denne økta, for å ta vare på viktige innspel og reflektere over kva dei har lært.

Fokuset på sanning i arbeidet med prosjektet

På lærarseminaret vart vi samde om sanning som tema for prosjektet. Elevane og vi tykkjer det er spennande å reflektere over kva sanning er, og kva som ligg bak ei sanning. Dette er relevant med tanke på dei utfordringane samfunnet står overfor i dag, med falske nyhende, ekkokammer og bruk av retorikk på internett og utydeleg kjeldebruk. Å reflektere over kva som ligg bak ei sanning, vil hjelpe elevane til å bli meir medvitne på, og meir kritiske til, kva dei blir utsett for og kva de brukar vidare. Etter prosjektet viste elevane ei større forståing for kva ei sanning er. Dette fekk vi stadfesta i spørjeundersøkingane våre.

Vidare lesing og kjelder

Holbergprisen i skolens ressurser for lærere.

Etisk komité

Kvar gruppe presenterer si prosjektskisse og utkast til undersøking/metode for resten av gruppa, og får tilbakemelding frå medelevar, lærar og forskarkontakt. Nokre punkt du kan gi tilbakemelding på:

Etikk

- Fritt informert samtykke
- Anonymitet og konfidensialitet
- Unngå skade: sensitive emne, ubehag
- Rett til å trekkje seg når som helst
- Sosiale konsekvensar
- Openheit om metode
- Etterretteleg bruk av informasjon

Validitet

- Openheit om metode
- Etterretteleg bruk av informasjon
- Kor god er samanhengen mellom problemstillinga og spørsmåla?
- Kjem de til å få den informasjonen de treng for å finne svar på problemstillinga?

Praktiske problemstillingar

- Finst det ein klar plan for gjennomføring?
- Er planen realistisk?
- Kva for materiell trengs?

Kopling til eksisterande teori/forsking

- Er det ein tydeleg samanheng?

Spørsmåla i undersøkinga

- Er spørsmåla presise, klare og eintydige?
- Finst det omgrep som kan misforståast?
- Korleis hadde du sjølv opplevd å bli stilt dette spørsmålet?

Presentasjonar av elevprosjekta

Gruppe:

Problemstilling:

Metode:

Forslag til intervjuide, spørsmål eller liknande:

Kommentarar:

Skisse til prosjektplan

Emne:	Skriv ned området du har lyst å jobbe med
Grunngjeving for emneval:	Kvifor vil du jobbe med akkurat dette? Grunngjevinga kan vere basert på eigne interesser, men ta gjerne med meir teoretiske grunnar òg. Til dømes: Kva for forskning og teori finst på feltet? Har du oppdaga eit «hol» i eksisterande forskning?
Bakgrunnsstudiar og teori:	Kva for kjelder har du funne som kan vere relevante for prosjektet ditt? Korleis tenkjer du å bruke desse? Prøv å få litt oversikt over det området du skal forske på. Kva er sentral teori her? Kva for studiar har vore gjort på feltet? Finn du hol i forskinga som du kan tette? Kan det vere aktuelt å ta kontakt med nokon som forskar på dette for å få meir informasjon?
Kompetansemål:	Skriv ned det/dei kompetansemåla som passar best til forskingsprosjektet ditt. Sjå Udir sine nettsider.
Førebels problemstilling:	Skriv ned problemstillinga di slik den er no. Du kan gjerne skrive ned to alternative problemstillingar dersom du ikkje er heilt sikker enno. Sjå "HiS – Prosjektutvikling" .
Forslag til metode:	Korleis kan du forske på problemstillinga di? Skriv ned tankana du har om metode. Du kan gjerne kome med fleire ulike forslag. Sjå "HiS – Gjennomføring av forskningsprosjekter" .
Kven vil du forske på:	Kva for ein populasjon er du interessert i å vite meir om? Kva for eit utval vil du bruke?
Etiske problemstillingar:	Kva kan vere etiske problemstillingar ved prosjektet ditt? Vanlege etiske problemstillingar du bør tenke over, er anonymitet og konfidensialitet, informert samtykke, omsyn til sensitive tema (NB: helsedata krev særleg søknad og er ikkje mogeleg å bruke i dette prosjektet), ubehag for informantane, at informantane skal kunne kjenne seg att i framstillinga du gir av dei etc. Sjå "HiS – Forskningsetikk" .
Praktiske utfordringar:	Korleis kan du gjennomføre prosjektet reint praktisk? Kva for utstyr treng du? Korleis skal du få tak i informanta? Når skal du gjennomføre studien? Kan du gjennomføre delar av opplegget digitalt/over telefon?
Potensielle feilkjelder:	Korleis kan du sikre deg at du faktisk får svar på det du lurar på? Her det mange utfordringar. Er spørsmåla godt utforma, slik at alle informantane forstår dei på same måte? Vil dei gi svar på det du faktisk skal forske på?
Plan for gjennomføring:	Kva må gjerast? Når? Av kven? Lag ein plan for prosjektperioden, slik at de får oversikt over framdrifta. Ver så detaljerte som mogleg, og legg inn fristar for når ei oppgåve bør vere fullført.
Kva er du usikker på:	Skriv ned eventuelle spørsmål og ting du er usikker på.